



Jarle Sæbø  
Apalen 33  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5807 - 22/71258

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
16.09.2022

## Løyve til oppføring av hagestove - gbnr 202/110 Hjelmås

**Administrativt vedtak:** Saknr: 996/22  
**Tiltakshavar:** Jarle Sæbø  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

### VEDTAK

**Det vert gjeve løyve for oppføring av hagestove på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal etablerast som gjort greie for i søknad datert 29.07.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-4.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av hagestove som tilbygg til einebustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 27m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) 28,6 m<sup>2</sup>.  
Utnyttingsgrad er opplyst 13,3% BYA.

Det vert elles vist til søknad mottaken 29.07.2022.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.07.2022 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Apalen sør er definert til bustadar.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonskart datert 29.07.2022 og gjeld einebustad med bygningsnummer 19232492.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 11.5 meter.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om

søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5807**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakar:**

Jarle Sæbø

Apalen 33

5915

HJELMÅS